

# Plan for kulturminne / kulturarv

## FORORD

Arbeidet med kulturminneplan for Hjelmeland starta i 2014 og vart avrunda med vedtak i kommunestyret juni 2017. Sjølv om me ikkje har klart å innarbeida alt, takkar me alle som har bidratt! Og me vonar folk vert med vidare for å realisera noko av det som ligg i planen!

Mål for arbeidet med kulturminne/kulturarv i Hjelmeland er i kap 7 formulert slik:

Gjennom å halda ved like og å gjera den lokale kulturarven levande, skal me bidra til å utvikla bygdene. Slik vert området vårt ennå meir interessant og meir triveleg å bu i og besøka.

Kort sagt: Me vil fortelja om Hjelmeland si historie og gjera den interessant for folk flest.

Kommunestyret sa i sitt endelege vedtak:

Vidare oppfølging skal skje i samband med slutføring av kommuneplan, jfr planprogram for kommuneplanrevisjonen, og elles innarbeidast i budsjett, handlingsprogram og dagleg verksemd i kommunen og i samarbeid med andre.

Kva har då kommunestyret vald å prioritera? Det går fram av kap 8.2 heilt i slutten av dokumentet. Det er Næringslivshistorie, Jærstolar og sponkorgjer, Vigatunet og helletaka elles, Internasjonale Hjelmeland gjennom historia, Gamle ferdseisvegar med vekt på Prestavegen og Viglesdalsvegen, Sentrum (gamle Vågen, SEFRAK A, fellesskapen sine bygg) og sist: Generell styrking av kulturminnevernet

Gjennom arbeidet med plandokumentet har ein innsett at det framleis er mykje jobb som står att når det gjeld registrering, tilrettelegging, dokumentasjon og formidling. Me er framleis i starten på jobbinga med kulturarven, ikkje slutten!

## Innhaldsoversikt

### 1 Innleiing

### 2 Kulturminne som allereie har eit vern i dag

#### 2.1 Fornminne (før 1537)

#### 2.2 Museum og listeføring

#### 2.3 SEFRAK og vern etter plan og bygningsloven

### 3 Ulike verkemiddel for å ta vare på kulturminna/kulturarven

#### 3.1 Lowverk

3.2 Stortingsmeldingar og planverk

3.3 Økonomisk støtteordningar

3.4 Historieforteljing: Formidling og tilrettelegging

4 Nyare tids kulturminne Frå reformasjonen til 1800

5 Nyare tids kulturminne etter 1800 - Tematisk

5.1 Tettstaden Hjelmelandsvågen

5.2 Fellesskapen sine bygg

5.3 Samferdse

5.4 Industri og handverk

5.5 Fiskeri og oppdrett

5.6 Landbruk

5.7 Krigsminne

5.8 Natur og landskap med historie

5.9 Helletaka

5.10 Anlegg og minnesmerke

6 Immaterielle kulturminne

6.1 Haugianarar, lekmannsrørsle og prestar

6.2 Grunnloven 1814 og oppstart av Hjelmeland kommune

6.3 Lagsliv og friviljug arbeid

6.4 Personar, hendingar og andre immatrielle kulturminne

7 Kva vil me prioritera å utvikla?

7.1 Kva er status i dag?

7.2 Kva har skjedd?

7.3 Kva vil me få til vidare? Mål.

8 Korleis gjer me det?

8.1 Drøfting

8.2 Prioritering av satsingsområde

# 1 Innleiing



*Spinneriet*

*Sitat frå Riksantikvaren:*

*Kommunene har hovedansvaret for bevaring av kulturminner, kulturmiljø og landskap i lokalsamfunnet. Plan- og bygningsloven er det viktigste juridiske verktøyet, men kommunen har også andre virkemidler, som for eksempel tilskudd og fritak for eiendomsskatt. God forvaltning av kulturarven krever kompetanse; innsikt i lokalhistorien og kunnskap om kulturminnene.*

Kulturminnene sin verdi ligg i den historia dei dokumenterer og i at dei bidreg til å bygge identitet.

Den fyrste historiske hendinga som verkeleg har sett spor etter seg i vår kommune, er meteorittnedslaget ved Ritland i Vormedalen for 550 millionar år sidan. Dei fyrste spora etter menneskeleg aktivitet i Hjelmeland finst ved Storhidler i Årdalsheia. Jaktbuplassen er frå eldre steinalder – rundt 6000 år f.Kr. Frå den tida og fram til i dag finst det uendeleg mange spor av menneske som har levd og budd i våre område. Hustuffer, gravrøyser, gamle jakthytter, naust, stiar og bruer er døme på slike spor. Dette er det som vert kalla kulturminne.

I Hjelmeland er me veldig heldige som har fått dokumentert historia i form av mykje litteratur, ikkje minst Bygdesoge 1 (før 1800) og Bygdesoge 2 (1800-1990), pluss «Gardar og folk band 1,2 og 3» av Trygve Brandal og fleire bøker utgitt av tidlegare kultursjef i Hjelmeland Njål Tjeltveit. Likevel er det stadig trong for å gjera historia levande att, og å ta vare på utvalde kulturminne på ulikt vis. Hjelmeland kommune sin fyrste kulturminneplan er vedteke i kommunestyret i september i 2000, seinare er kommunedelplan for kulturminne innarbeidd i kommuneplan for Hjelmeland (juni og september 2011). Ny kulturminneplan vil innarbeidast i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel ved revisjonen som starta hausten 2016, og skal slutførast sommaren 2018. Denne temaplanen er tenkt å vera ein plan med noko større breidde, etter modell av td kulturminneplan for Gjesdal kommune frå 2012.



*Bygdesoge 1 og 2 - ein kulturskatt i seg sjølv*

Initiativet til denne planrevisjonen er kome i samband med midlar stilt til rådvelde av Riksantikvaren i 2014. Desse midla er i hovudsak brukt til ei gjennomgang av dei mest verdifulle bygga SEFRAK-registreringa. SEFRAK er ei registrering av bygg frå før 1900, delt i klasse A,B og C der A-bygga er dei med størst verdi., sjå eige avsnitt om dette.

Arbeidet med kulturminneplanen er forankra politisk med formannskapet som styringsgruppe. Formannskapet har handsama planprogram og eit første utkast til plan (september 2016). Ved andre gangs behandling av utkastet (februar 2017), etter høyringsperioden, vart det vedteke å gjer ein del redaksjonelle og innholdsmessige endringar.

I tråd med planprogrammet har det vore ei intern prosjektgruppe og ei referansegruppe. Referansegruppa har bestått av personar frå styringsgruppa, fylkeskommunen, Ryfylkemuseet, Reisemål Ryfylke og Hjelmeland bondelag, og har gitt konstruktive bidrag.

Medverknad har skjedd gjennom informasjon om planen i ulike samanhenger, ikkje minst i høve til møte med grendeutval, og gjennom ein brei høyringsprosess. I februar 2017 var det ei førebels gjennomgang av høyringsinnspela i formannskapet.

Definisjon på kulturminner (jfr lov om kulturminner prg 2):
Med kulturminne menes alle spor av menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.
«Det er vanlig å dele kulturminner inn i to hovedkategorier, immaterielle og materielle. Lokale tradisjoner, sagn, myter, historier, stedsnavn, musikk og håndverkstradisjoner er eksempler på immaterielle kulturminner. Materielle kulturminner deles igjen i faste kulturminner, som for eksempel bygninger, gravhauger, broer, boplasser , og gjenstander»

Kulturminna representerer også verdiar som vanskeleg kan erstattast. Eit kulturminne som vert borte eller vert øydelagd, kan av og til kopierast, men aldri bli erstatta. Det treng ikkje vera sjølv tingen eller bygget som har spesielle synlege kvalitetar, men kva som har skjedd inni eller i nærleiken av gjenstanden eller bygget. Eit gammalt skulehus kan vera spennande i seg sjølv, men representerer samstundes ei satsing på demokratiutvikling og utdanning som nasjonen, kommunen og bygda kan ha grunn til å vera stolt av.

Verdien av kulturminne vert ofte delt inn i tre verdinivå; nasjonal, regional og lokal verdi. Tek ein med naturhistoriske hendingar som meteorittnedslaget, kan me også tala om minne av internasjonal verdi.

For Hjelmeland sin del har ein vald å utvida kulturminneomgrepet litt, slik at noko av det som vert omtalt meir kan karakteriserast som kulturarv enn kulturminne. Dette har ein gjort for å få med nokre personar og hendingar som er viktige for å forstå historia og byggja identitet. Ein kan seia at det gjerne vert å dra kategorien «Immatrielle kulturminne» litt langt.

Planen er å sjå på som fyrste steg i høve til nyare arbeid med å systematisera innsatsen for å ta vare på kulturarven. Framleis gjenstår mykje jobb, td med meir kartfesting og med meir konkret prioritering av objekt.

Kulturminneplanen er meir prega av ei historisk og tematisk inndeling, ikkje geografisk. Det er ein stor statusdel som gir innblikk i kva felles plattform me har. Statusen gir berre smakebitar, historia er mykje større enn dette. Det er ynskjeleg at dei ulike tema og tidsepokane etter kvart kan inspirera det enkelte grendalaget til å sjå kva som er verdifullt hjå dei, ei påminning om lokal identitet og unike stader. Det vert lagt vinn på å trekkja fram ein del enkeltpersonar og hendingar – noko som gjer historia ennå meir unik. At historia gjentek seg på ulike måtar, er også interessant å registrera. Hjelmeland er i dag ein kommune med høg prosent innvandrarak. Det er faktisk ikkje noko nytt. Innvandrarak har gjennom hundreåra vore ein del av bygdebiletet, gjerne i form av akademisk og fagleg kompetanse. Offiserar og embetsmenn var ofte anten fødde eller hadde iallefall fått utdanninga i utlandet. Det same var mange bergverksfolk. På 1600-talet var kontakten mot Skottland og Nederland tett på grunn av trelasthandelen.

Kulturminna av ulikt slag er med på å skapa stader og identitet, og kan reint praktisk gi innspel til utvikling av næring og bygdefellesskap.

## 2 Kulturminne som allereie har eit vern i dag

### 2.1 Fornminne (før 1537)

Kulturminne som er eldre enn reformasjonen, vert kalla fornminne, og har eit automatisk vern etter kulturminnelova. Det vil seia at ein må søkja om å få frigitt kulturminnet viss ein vil røra det eller fjerna det. I Hjelmeland er det mange slike , ikkje minst i form av gravhaugar.

Viktige fornminne i Hjelmeland er omtalt i «Hjelmeland-bygdesoge før 1800» av Trygve Brandal (Hjelmeland kommune 1997). Nokre er å finna i Hjelmelandsnaturen framleis, andre er godt påpassa i regionale og nasjonale museum. Her er eit representativt historisk utval av døme på slike:

#### 2.1.1 Steinalder 10000 -1800 fKr

##### Storhidler/Årdalsheiane:

Dei eldste spor etter menneske i Hjelmeland finn me ved Storhidlervatnet litt vest for Nilsebu i Årdalsheiane, 738 moh. Den eldste bruken av staden går truleg attende til tida kring 6000 år f.Kr., det me kallar eldre steinalder. Ved utgraving er det her funne hundrevis av små, skarpe flintbitar. Føremålet med bruk av hidleren var nok reinsdyrjakt. Klimaet var varmare enn no. Funn frå eldre steinalder finst også frå Lyngsvatnområdet.

##### Bonshidleren/Viganeset:

Det er rundt 20 funnstader med funn frå steinalderen i Hjelmeland. Steinaldertida vert rekna frå 6000 til 1500 fKr. Dei fleste funnstadane er langs kysten. I Bonshidleren på Viganeset ut mot Ølesundet er det i tillegg til steinreiskap, funne reiskap laga av bein, slik som fiskekrokar og nåler.

#### 2.1.2 Bronsealder 1500 - 500 f.Kr:

##### Kvernhushaugen på Mjølhus:

Det er lite enkeltfunn frå bronsealder, men dei store gravrøysane av stein, som er plasserte høgt og fritt på nes og kollar med utsyn mot sjø, er frå denne tida. På toppen av Kvernhushaugen på Mjølhus er der ein slik haug.

#### 2.1.3 Eldre jernalder /folkevandringstid 500 f.Kr - 550 e.Kr

### **Grava på Mjølhus:**

Den eldste jernaldertida (f.Kr) er der etter måten lite funn frå Hjelmeland, med unntak av eit gravfunn frå Mjølhus. Her er det funne eit høgt lerkar, og ein fingerring i gull på 15 gram.

### **Kvinnegrava på Riveland:**

I 1903 vart det grave fram ei kvinnegrav i ein haug på Riveland i Årdal. Der vart funne fleire smykke i sølv og bronse, to spinnehjul, tre knivar, ei leirkrukke, ei tretine og to pilar. Liknande funn er også gjort på Børkja og Gjesfjell.

### **Håland, Valheim og Land-namna**

Stadnamn som endar på –land er stort sett frå folkevandringstida, som er rekna for tida mellom 400 og 600 e.Kr. Vel fjerdeparten av gardsnamna i Hjelmeland har –land-ending; 33 av 115. Rester av gardsanlegg finst m.a. på Børkja og i Vormedalen. I Vormedalen finn ein øydegarden Håland, som saman med seks gravhauger utgjer eit spennande fornminne. Dette gardsanlegget er grundig undersøkt av arkeologar. På Valheim i Årdal vart det i 1986 gjort eit stort gravfunn, ei mannsgrav med mykje utstyr inkludert ein kniv på 25 cm.

### **Perla og blyseglet**

Mange enkle gjenstandar som er funne i Hjelmeland stammar frå denne tidsperioden. Mest kjent er den såkalla perla frå Børkja; ei glasperle utført i ein spesiell teknikk (millefiori), truleg produsert ved Svartehavet ein stad. Det finst berre fire slik i heile landet. Eit anna spesielt funn er det romerske blyseglet frå Mjølhus, med den romerske sigersgudinna Victoria som symbol.



### **Bygdeborgene på Mjølhus**

Det er 52 bygdeborgar i Rogaland, av desse ligg sju i Hjelmeland. Alle er frå folkevandringstida. To av dei ligg på Mjølhus, den eine på Kvernhusberget og den andre på Borgaråsen på grensa til Viga og Døvik. Dette var forsvarsanlegg som vart lagde på høge og vanskeleg tilgjengelege knausar og åsar, og fungerte som tilfluktstad for folk i tilfelle fiendtlige åtak.

### **Dei kvite steinane på Fister**

I jernaldertida eksisterte det i Hjelmeland fleire høvdingedøme. Funnet av fire kvite steinar – fallossteinar – innafor eit forholdsvis avgrensa område på Fister midtre, vitnar om at det må ha vore ein kultplass i eldre jernalder. Desse steinane og dei fleste av dei nemnde funna er i dag i Arkeologisk museum, Stavanger.

## **2.1.4 Yngre jernalder 550 - 1050 e.Kr**

### **Skatten på Sæbø:**

Seks flotte sølvringar (halssmykke), til saman eit kilo reint sølv, vart funne under ein stein på Sæbø for rundt 250 år sidan (1769). Det er det største sølvfunnet i Rogaland, og er i dag del av den faste utstillinga i Nationalmuseet i København. Ein av dei seks ringane vart i 1812 gitt som gåve frå kong Frederik 6 til den franske sendemannen , Baron Alquier, ein sentral person i kontakten Frankrike/Danmark/Sverige, og dermed er der berre fem att på museet. Sølvringane er eit av fleire rike funn frå denne perioden i Hjelmeland. Andre viktige funnstader er Kyrkhus i Årdal; Rosså på Ombo, Børøy, Mosnes og Valheim.



### **Gravfeltet på Mæle**

På Mæle i Årdal, ved avkøyringa mot Svadberg, ligg det eit gravfelt med tilhøyrande nausttuft som er frå denne tida. Ein reknar med at havnivå i yngre jernalder var rundt 2 m høgare enn i dag, så plassering av nausttufta var nok rett. Gravfeltet er delvis tilrettelagt.



### **Gravfeltet på Svadberg**

I samband med arbeid med ny riksvegtrasé frå Melkeråna til Årdal i 2015, vart det oppdaga «nytt» fornminnefelt på Svadberg.

Bautasteiner

Ein annan type gravminne frå denne tida var bautasteiner. I Hjelmeland finst fleire slike. Den høgaste er å finna på Store Bjelland på Hjelmelandsfjellet og ragar 2,7m over bakken.


## **2.1.5 Middelalder 1000 - 1537 e.Kr**

Høgmiddelalder strekk seg frå vikingetid til Svartedauden (1349). Kristendomen vart innført – i katolsk form- , og me får dei fyrste skriftlege kjeldene.

### **Krusifikset i Årdal**



Krusifikset i Årdal gamle kyrkje er truleg frå 1200-talet og er det einaste større middelalderkrusifiks som framleis finst i Rogaland. Det vert rekna som eit av dei større klenodiene til Stavanger Museum den dag i dag.



### **Testamentet etter stormannen Arnbjørn på Hebnes**

Den eldste skriftlege kjelda som omtalar noko frå Hjelmeland, er testamentet etter stormannen Arnbjørn på Hebnes, frå 1286. Der er omtalt ei gåve til «Sæbiar kirkiu», truleg kyrkja på Hjelmeland som på den tida var reist på garden Sæbø. Testamentet er oppbevart i Riksarkivet.

#### **Gåvebrevet til herr Olav av Foss**

Den nest eldste skriftlege dokumentet frå Hjelmeland er gåvebrev der her Olav frå Foss gir gåvebrev på garden Rossavik til Stavanger domkapitel i 1298. Mange skinnbrev frå tidleg 1300-tal gjeld overføring av eigedom. Dei tre store eigargrubbene var bondegods (vel halvparten), krungods (om lag 15%, konge/stat) og kyrkjeleg gods (resten). Gåvebrevet er oppbevart i Riksarkivet.

#### **Døypefonten i Hjelmelandskyrkja**

Døypefonten i Hjelmelandkyrkja er eit vakkert steinkar, utført i romansk stil, og er truleg frå 1100-talet. Døypefonten kom attende til kyrkja ved 100-årsjubileet i 1958, etter å ha vore brukt til å samla regnvatn på Hauske i mange år. Døypefonten stammar truleg frå den eldste kyrkja i Hjelmeland, men vart bytta ut allereie før 1845. I 1952 vart døypefonten kjøpt på auksjon for 50 kr av Stavanger Aftenblad, som ga den vidare til Stavanger museum. Derifrå kom den attende til kyrkjejubileet.

#### **Svartedauden og nedgongstider (1350-1500)**

Mange gardar vart lagt aude som følgje av Svartedauden. I Årdal reknar ein at det var 40 gardar før pesta kom. 150 år seinare var det berre 15 gardar att med folk på. Dette var dei største og beste gardane. Seks av ti innbyggjarar omkom som følgje av sjukdomen. Her er få spor i dag frå denne tida.

## **2.2 Museum og listeføring**

### **2.2.1 Bygdamuseet**

Hjelmeland Bygdemuseum vart formelt oppretta i 1975, og inngår i dag som ei samling innafor Ryfylkemuseet. I fleire år før og etter 1980 var det Makkamjølsklubben, det lokale museumslaget, som stod for innsamling, konservering og katalogisering av gjenstandar.

Gjenstandssamlinga i Hjelmeland bygdemuseum vart deponert til Ryfylkemuseet gjennom ein avtale som vart inngått i 2006. Samlinga er for tida plassert i Vågahuset nær opp til biblioteket i Hjelmelandsvågen.

Forutan ei variert samling av gjenstandar frå farne tider, kan bygdemuseet nå visa fram tre tema-utstillingar :

Eldhuset viser ei rekke gjenstandar som vart nytta i samband med matlaging.

Skomakarverkstaden. Her har ein prøvd å gjenskape eit skomakarmiljø frå Hjelmeland. I ein periode hadde Hjelmeland heile 9 skomakarar.

Husmannstova er også ei rekonstruksjon av svunnen tid. Hjelmeland var ei husmannsbygd og skal også ha fostra Noregs siste husmann. Aanen Holmen sat nemleg som husmann på Haugen under Funningsland, til han døyde i 1980.



## 2.2.2 Ryfylkemuseet og Vigatunet

Regionmuseet vårt er Ryfylkemuseet og har hovudkontor og magasin på Sand. Vigatunet er eigd og drifta av Ryfylkemuseet, og er eit uvanleg interessant og velhalde museumstun. Tunet har ope for publikum kvar sommar, elles etter avtale.

Delar av stoverhuset i Viga, den gamle røykstova, er frå 1600-talet, og me kan følgja historia til Vigatunet så langt attende som til 1500-talet via skriftlege kjelder. I tillegg er det i området rikeleg med fortidsfunn i form av gravhauger og direkte funn frå vikingetid. Tunet står i dag som det vart sjåande ut i 1821. Typisk for Viga og andre eldre hus i Hjelmeland er helletaket, som på våre kantar er lagt med ein heilt annleis teknikk enn lengre nord (Hardanger).

Driftsgrunnlaget var åkerbruk og husdyrhald, men det vart også dyrka frukt. Ein kulturhistorisk frukthage er å finna i tunet i dag. Tunet er teke godt vare på av Ryfylkemuseet, med m.a. restaurering av løa nyleg. Ryfylkemuseet legg også opp til aktivitetsdagar og faste opningstider i Vigatunet. Eit publikumsbygg med fasilitetar er ønskjeleg å få på plass. Gardstunet har heller aldri hatt eige kjøkken.



## 2.2.3 Listeførte og verna kyrkjer

Listeførte kyrkjer (definisjon):

Ei listeført kirke er av Riksantikvaren vurdert som eit verneverdig kulturminne. Kyrkja er ikkje freda, men alle saker som gjeld endringar i eller ved en listeført kyrkje, også istandsettings- og vedlikeholdstiltak, skal sendast til Riksantikvaren for uttale. Kyrkjeleg fellesråd sender søknad via biskopen til Riksantikvaren. Riksantikvaren gir faglege råd om endringar eller vedlikehald, men det er biskopen som gjer endeleg vedtak etter kyrkjelova.

Alle kyrkjer bygd mellom 1650 og 1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850 er også listeførte.

Kyrkjer som ikkje er listeførte, krev likevel vedtak av biskopen.

Hjelmeland har i dag to listeført kyrkjer; Hjelmeland frå 1858, og Fister frå 1867. I tillegg har me Årdal gamle kyrkje som er freda. Den eldste delen av Årdal gamle kyrkje er frå 1619. «Nye» Årdal kyrkje frå 1918 er ikkje liste ført, men har også eit visst vern ved at biskopen skal godkjenna endringar og tiltak i nærleiken (60m).

### Hjelmeland kyrkje

Hjelmeland kyrkje er ei Linstowkyrkje type R, bygd i 1858. Det er det største kyrkja i kommunen i med 450 sitjeplassar. Omstenda rundt bygginga av kyrkja er omtala i bygdaboka. Dåverande sokneprest Thaulow var ein sentral person i byggeprosjektet. Kyrkja vart fornya i samband med jubilea i 1958 og 2008.

Måleri og epitafi i Hjelmelandskyrkja:

Ved reformasjonen i 1537 vart Luther si lære offentleg religion, og statskyrkja vart innført. Lutherdomen sin fyrste «store» biskop i Stavanger, var dansken Jørgen Eriksen. Son hans, Daniel Jørgensen, vart sokneprest i Hjelmeland, ei teneste han hadde frå han var 1601 til 1635, då han døydde. Den dag i dag heng bilete både av bispen sjølv og sonen i Hjelmelandskyrkja. Daniel var ein mektig mann med mange jern i elden, m.a. stor på trelasthandel. Han har namnet sitt utskore i preikestolen i Årdal gamle kyrkje.

Syster til Daniel, Margrete, vart gift med den neste soknepresten i Hjelmeland: Jens Jonassen Hjelm. Då han døydde, gifte Margrete seg på nytt med den neste presten; Jens Simonsen Morsing. Morsing vart snart enkemann, og gifte seg seinare oppatt tre gonger. Bilete av Morsing og dei fire konene – epitafiet – er å finna i Hjelmelandkyrkja den dag i dag.

I alle kyrkjene finn me viktige kulturminne frå denne tidsperioden, sjølv om dei eldste kyrkjene på Fister og Hjelmeland er blitt erstatta med nyare bygg frå 1800-talet. Til dømes finst det eit krusifiks i Fisterkyrkja frå 1500-talet. Her er også alvertavla frå 1626, laga av Tomas Snekker og Godtfried Hendtzschel. På bygdamuseet finn me den gamle «bispestolen».



## **Fister kyrkje**

Fister kyrkje frå 1867 er også ei Linstowkyrkje, ei tømra langkyrkje med tårn. Kyrkja har ein del eldre innreiing frå 1600-talet.

## **Årdal gamle kyrkje**

Freda kyrkjer –definisjon:

Alle kyrkjer oppført før 1650 er automatisk freda. I tillegg er også kyrkjegardar og gravminne eldre enn 1537 samt samiske gravlegginger og gravminne eldre enn 100 år automatisk freda.

Det mest verdifulle kulturminnet i Hjelmeland i form av enkeltbygning, er Årdal gamle kyrkje. Kyrkja er freda. Ein reknar med at den vart reist i løpet av fyrste halvdel av 1600-talet same staden som det var reist ei kyrkje allereie på 1200-talet. Byggeår er sett til 1619. Dermed er 400-årsjubileet straks komande. Tomas Snekker lagde delar av inventaret, og den kjende målarer Gottfried Hendtzschel dekorerte. Krusifikset, som i dag er på Stavanger Museum, er omtala under kap 2.1.5.

## **Årdal nye kyrkje**

Årdal kyrkje vart bygd i 1914-16 og vigsla i 1919. Kyrkja vart 100% finansiert av innsamla midlar frå utvandra årdalsbuar til Amerika.

Kyrkja har dermed ein svært spesiell historie. Departementet hadde sagt nei til soknet og soknepresten sitt ønske om å få ei ny kyrkje i Årdal. Dermed starta årdalsbuar i Amerika ein innsamlingsaksjon for å skaffa bygda ny kyrkje. Kyrkja vart bygd, men departementet sa då nei til å ta kyrkja i bruk då ho stod ferdig. Det gjekk fleire år før godkjenninga kom, og kyrkja vart vigsla og tatt i bruk i 1919. Kyrkja har om lag 250 sitjeplassar.

Kyrkja er ikkje listeført, men biskopen skal likevel godkjenna endringar.

Kyrkja vart omfattande restaurert i 1968.

Kyrkjegardar og gravplasser

Etter nyare lovverk er det berre kyrkjegardar som ligg i direkte tilknytning til kyrkjer som kan kallast kyrkjegard. Etter den definisjonen har me desse kyrkjegardane: Årdal gamle, Årdal, Fister, Hjelmeland. I tillegg har me gravplassane Vormedalen, Øye, Kåda, Jøsneset og Jøsenfjorden.

Kyrkjegarden ved Årdal gamle kyrkje er freda.

## **2.3 SEFRAK og vern etter plan og bygningsloven**

### **2.3.1 SEFRAK**

SEFRAK er eit landsomfattande registre av eldre bygningar, registrert av fagfolk på 1970-talet. Det er ein god del SEFRAK-registrerte bygningar i Hjelmeland. Dette er bygg som er kategorisert i A,B og C etter verneverdi.

Bygningane i SEFRAK-registeret er i utgangspunktet ikkje tillagt spesielle restriksjonar. Registreringa fungerer meir som eit varsko om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt blir gitt løyve til å endre, flytte eller rive bygninga.

For meldepliktige bygningar (bygningar er eldre enn 1850), er det lovfesta i Kulturminnelova §25 at ei vurdering av verneverdien MÅ gjerast før søknad om endring eller rivning kan bli godkjent.

Saksgang for endring på meldepliktig bygning:

Eigar må søke kommunen om endringar på bygninga.

Kommunen sender søknaden til fylkeskommunen som skal uttale seg om søknaden FØR kommunen fatter vedtak.

Kommunen skal melde alle endringar på bygninga til fylkeskommunen.

Kommunen kan gi løyve til riving sjølv om kulturminnemyndighetene i fylkeskommunen tilrår at bygget bør vernast.

SEFRAK har ei vurdering i ulike kategoriar; A, B og C der kategori A er dei mest verdifulle. Vinteren 2015 vart det gjennomført ei gjennomgang av tilstand til alle dei 45 SEFRAK A objekta. Alle bygningane i Vigatunet og Spinneriet i Hjelmelandsvågen, 10 i alt, er blant SEFRAK-objekta. Av offentlege bygg er det utanom Spinneriet berre det gamle skulehuset på Funningsland som er i kategori A. I følgje tilstandsrapporten er det mange av SEFRAK-A-bygga som er anten i sterk forfall, eller som har fått redusert verneverdi som følgje av ombygging.

Nokre av A-bygga, m.a «Bjellandhuset i Vågen» og våningshuset på Sandegarden ligg i område som har vernestatus gjennom bruk av reguleringsplan.

I tillegg til A-bygga er der drøyt 200 bygg i kategori B og ennå litt fleire i kategori C.



*Det gamle  
skulehuset på  
Funningsland er eit  
SEFRAK-bygg*



Våningshuset på  
Midtre Ramsfjell er  
eit SEFRAK A-bygg

### **2.3.2 Regulert til verneføremål, eller avtale**

Gjennom reguleringsplanarbeid kan område regulerast til vern. Det er eit tiltak som i liten grad har vore i bruk i Hjelmeland., men i reguleringsplan for Åna-Svarteberget i Nordbygda, og i reguleringsplan for Sandeområdet er der mindre felt som har dette føremålet. Dei to bygga på Sandegarden kjem inn under det aktuelle verneføremålet.

I gjeldande kommuneplan frå 2011, er det regulert eit område i Viga/Mjølhusområdet til verneføremål på grunn dei omfattande kulturinteressene.

Kommunen har også inngått avtalar om vern. Det er kommunal avtale knytt til den siste husmannsplassen i kommunen, på Funningsland. Og det er kommunal avtale knytt til overføring av skulehuset i Målandsdal til private, og til gamle heradstova på Hjelmeland. Kommunen eig i tillegg kulturbygget Spinneriet i Hjelmelandsvågen.

Dalen skule på Høiland har også hatt ein avtale, status her er noko uklart.

## 3 Ulike verkemiddel for å ta vare på kulturminna/kulturarven

Verkemidla som er tekne i bruk kan i delast opp i fire kategoriar:

- a) lovverk
- b) stortingsmeldingar og planverk
- c) økonomiske støtteordningar
- d) formidling og tilrettelegging.

Den siste er kanskje den viktigaste; kunnskap om kulturminna er med på skapa interesse for å ta vare på kulturarven.

### 3.1 Lovverk

Dei to viktigaste lovane er kulturminneloven og plan og bygningsloven. Alle kulturminne som er eldre enn 1537 (då reformasjonen skjedde i Noreg) blir definert som fornminne, og er automatisk freda. Nyare tids kulturminner kan fredast gjennom enkeltvedtak. Det betyr at mange kulturminne ikkje har eit spesielt vern, og dermed må takast vare på ved bruk av andre verkemiddel.

Kulturminneloven prg 25 gir meldeplikt for alle tiltak knytt til bygg eldre enn 1850.

Plan og bygningsloven av 2008 legg opp til at ein kan leggja omsynssone bevaring . I eldre reguleringsplanar er det regulert til «spesialområde bevaring». I Hjelmeland gjeld dette i Nordbygda og på Sande, sjå kap 2.3. Kommunen har også heimel gjennom plan og bygningsloven å gi pålegg om utbetring av eksisterande bygg om omsyn til bevaringsverdi. Det har ikkje vore tradisjon å ta desse verkemidla i bruk hjå oss.

### 3.2 Stortingsmeldingar og planverk

Gjeldande statlege føringar er skissert m.a. gjennom Stortingsmelding 35 (2012/13) «Framtid med fotfeste», og Riksantikvaren sin strategiske plan. Det er også grunn til å visa til den Europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har slutta seg til. Regionalt har med regionalplan for kultur, og det vert arbeidd med revisjon av FINK-planen (Friluftsliv, Natur, idrett og kultur) der berre nokre av temaområda vert med vidare.

### 3.3 Økonomisk støtteordningar

Freding eller vernevedtak vil i seg sjølv berre gi avgrensa vern for det enkelte kulturminnet. Det aller viktigaste er at eigar sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet, noko som gjerne krev både kunnskap og økonomiske ressursar. Det er difor viktig at kulturminneforvaltninga på alle nivå legg opp til dette.

Det fint ulike statlege tilskotsordningar som eigarar av kulturminne kan søkja på. Ein del av desse er knytt til støtteordningar i landbruket. I tillegg finst m.a. Fylkeskommunen sine egne støtteordningar til verneverdige bygg og anlegg, Norsk kulturminnefond, Norsk kulturarv sine tilskot, stiftelsen Uni og andre fond og stiftingar.

### **3.4 Historieforteljing: Formidling og tilrettelegging**

Å jobba med formidling og tilrettelegging er viktig for å skapa interesse for, engasjement i og motivasjon for kulturarven. Regionmuseet har ei ordning med egne tilsette formidlarar. Biblioteket har eit oppkome av lokallitteratur. Skal ein skapa identitet og arbeida med omdøme, kan kulturarven bidra med ein unik basis. Å få kulturarven ut på ein positiv måte til folk flest, til skule og barnehage er ei viktig oppgåve. Her er det gode muligheter til samarbeid med friviljug sektor. Til dømes har bygdarådet på Jøsneset jobba målretta med innsamling av stadnamn med påfølgjande merking ute i naturen. Bygdarådet i Årdal har engasjert seg i Prestavegen. Og mykje frivillig engasjement er knytt til 150årsjubileet for Fister kyrkje dette året.

Praktisk tilrettelegging handlar også om teknisk tilrettelegging til dømes i form av parkeringsplassar og gjestetoalett. Her gjenstår mykje. I Vigatunet er det trong for eit resepsjonsbygg, og noko meir parkering. Dette er viktige brikker i det vidare arbeidet med kulturarven i Hjelmeland.



## 4 Nyare tids kulturminne Frå reformasjonen til 1800

### Skottehandel på Nesvik

Sekstenhundretalet var tida for den store trelasteksporten, særleg til Skottland og Nederland. Nesvik var ei av dei mest brukte hamnene. Her finst den dag i dag stadnamn som minner om tida: Skotahaugen, Skotaneset og Skotavika på Nesvik er blant dei.

Rundt om i kommunen dukka det opp sager; oppgangssager basert på vasskraft. Tidlegare nemnde sokneprest Daniel Jørgensen åtte to sagbruk, dei stod på kvar si side av Hjelmelandsåna og vart kalla Sæbø sag og Hjelmeland sag. I Jøsenfjorden var det tre sagbruk; Jøsen sag, Vadla sag og Segadal sag. I Segadal finn me stadnamnet Savika den dag i dag.

### Elen Sofie og Børge Børgeson Tøtland

I 1688 vart krungodset seld ut. Jørgen Thommesen frå Stavanger handla det meste, men selde vidare til Børge Børgeson Tøtland. Han gifta seg andre gong med prestedottera Elen Sofie Tøtland. Børge vart med tida eigar av praktisk talt heile Vormedalen og gjekk under tilnamnet «Baronen». Ei soge om Børge og kona, skreve av Johannes Arneson, er gjengitt i Austlids lesebok og andre lesebøker. Den handlar om at stormod ikkje svarar seg på sikt.

### Gåva til Røldal

Rovdyrplaga var stor for husdyrhaldet på denne tida. Ulven var frykta. I 1704 vart det samla inn pengar og gitt ei oblatøskje i sølv i gåve til Røldalskyrkja for at rovdyrplaga skulle ta slutt. Øskja hadde m.a. denne innskrifta: «Lad plagen halde op, vi derom bede dig, Bevare fæ og faar, driv dem fraa ulvekrig.» Øskja er framleis å finna i Røldalskyrkja saman med ei tavle som vart gitt frå Hjelmeland i 1777, som takk for at ulven vart borte. Hendinga vart i 2004 markert med jubileumstur til Røldal, eit samarbeid mellom ulike lag i Hjelmeland og soknerådet.

### Husmannsplassen Haugen

Dei fleste husmannsplassane vart etablerte i andre halvdel av 1700talet og ut over 1800-talet, når folketalet tok til å veksa. Ved inngangen til 1800 var der 130 husmannsplassar i Hjelmeland, femti år seinare over 300.

Husmannsplassen Haugen på Funningsland, som Hjelmeland kommune disponerer, er den einaste husmannsplassen i Hjelmeland som er att i si opphavlege form. I heftet «Husmannstid» utgitt av Hjelmeland kommune i 2003 kan ein les meir om denne staden og husmannstida. Aanen Holmen som budde her vart rekna som den siste husmannen i Noreg, han døydde i 1980.

### Mordet på Øye

Ei fæl historisk hending skjedd på Øye i november 1718 då tenestegjenta Sissela Olsdotter vart funne myrda ved bakkekjelda. Sissela var gravid med sonen på garden, Torbjørn, og han vart mistenkt for mordet. Han stakk av og reiste truleg til Holland. Seinare vart han frikjend då ingen ting kunne provast og han likevel var borte.

Saka er detaljert skildra i rettspapira frå mai 1720, då sorenskrivaren hadde saka oppe. Dette er gjengitt i Bygdesoga.

## Enighedens Kobber verk på Hjelmeland

I juli 1764 fekk nokre bergenskjøpmenn privilegiebrev av kong Frederik 5 til drift av kopparverk i Ryfylke. Smeltehytta skulle liggja i Hjelmelandsvågen, og gardbrukarane i sentrum hadde protestert heftig. Striden ende til slutt opp i ein konkret avtale mellom kopparverket og grunneigarane på Sæbø. Smeltehytta vart etablert, basert på malm frå Forsand. Sommaren 1766 var det 30 mann i arbeid i gruvene i Lastabotn ved utløpet av Lysefjorden, og 15-20 ved smeltehytta, til saman den desidert største arbeidsplassen i Ryfylke på den tida. Mange innvandrarakom til Hjelmeland og Forsand på grunn av industrietableringa. Drifta vart diverre kortvarig.

Fram til smeltehytta vart det ført vatn til smeltehytta frå Steinslandsvatnet via ei lang trerenne. I Vågen står det enno eit hus som vert kalla Rennå. Truleg gjekk den store trerennå forbi dette huset. Rester av slagg er enno å finna.

## Solensteen gjestgiveri i Vågen

På 1720talet starta den tyske offiseren Carl Vilhelm von Poyda Solensteen gjestgiveri i Vågen. Seinare overtok andre offiserar i det 1.ryfylkske kompani gjestgivarrolla. Gjestgiveriet låg like ved kyrkja, som låg der kommunehuset ligg i dag. I 1752 overtok lokale folk gjestgiveriprivilegiet, og dreiv i praksis tre mindre vertshus. Det var eit problem med drukkenskap, ikkje minst på søndagane då vertshusa hadde ope samstundes som det var messe i kyrkja. Fut Garmann omtalar i skriv til biskopen i 1762 dei tre vertshusa som «Satans Capeller» og bevitnet at «Sabbatens vanhelligelse er disse 3d øltapperes eeneste og beste næring». Han ynskte at gjestgiveriet skulle flyttast til Kvaløy i Fisterfjorden, for den låg midt i leia. På Kvaløy vart det faktisk også dreve gjestgiveri ein periode på 1700talet.

## Skrivargarden i Knutsvik

Frå 1722 til 1782 var garden Søra Knutsvik bustad for sorenskrivaren i Ryfylke. Den mest kjende sorenskrivaren på denne tida heitte Georg Daniel Barth. Han var gift to gonger og far til 20 born. Han var sorenskrivar i Karmsund og Ryfylke. Han dreiv i tillegg med utlån av pengar. Barth var frå Kristiania, og hadde studert jus i København. Måleri av Barth og den andre kona Maria Catrine von Weybye er å finna i Stavanger museum. Maria vart enke 33 år gamal, då hadde ho født 12 born på 14 år. Maria budde på Skrivargarden i 44 år til. Ho gjekk under tilnamnet «Barthefrua».

## Ryfylke kompani og ekserserplass på Sæbø

Også Hjelmeland måtte stilla med soldatar når det var fare for ufred. På 1600-talet var svenskene den vanlegaste fienden. Ryfylke kompani vart oppretta under treårskrigen 1657-60, fyrst med hovudstasjon på Jelsa. Sidan vart det to kompaniar. På Flådene på Sæbø vart det oppretta ekserserplass truleg så tidleg som rundt 1720. Hjelmeland fekk etter kvart ein etter måte sentral plass, med mange offiserar som budde i området. Dei fleste av desse var innflyttarar, og mange hadde bakgrunn frå Danmark og Tyskland, som td bestefar til diktaren Sigbjørn Obstfelder (feltlege). Ekserserplassen vart seinare flytt til Etne og sist til Madla i Stavanger.



*Frå vandring med Obstfelder i Magnar Riveland si skikkelse i Hjelmelandsvågen 18.9.2016*

Foto: Terje Borgen

# 5 Nyare tids kulturminne etter 1800 - Tematisk

## 5.1 Tettstaden Hjelmelandsvågen

Tettstaden strekkjer seg i dag frå Sæbø til Pundsnes. Opphavleg vart den etablert på Sæbøgarden nord for Hjelmelandsåna. På Sæbø er det funne spor av menneskeleg aktivitet heilt attende til eldre steinalder (5500 år sidan). Det var her «Enighedens Kobberværk» vart etablert og dreve på 1700-talet. I Bygdeboka Hjelmeland2 vert det skilt mellom Sæbø (Nordbygda) og Hjelmelandsvågen, der det siste er namnet på den strandstaden som voks fram på 1800-talet. Skiljet mellom Sæbø og Vågen gjekk på Hauaberget. I 1801 budde her seks familiar nede ved sjøen. 90 år seinare budde det over 250 personar på staden som fekk funksjon som kommunesenter, båtstoppestad, buområde, handelstad og stad for variert næringsdrift. I 1940 vart store delar av Hjelmelandsvågen øydelagt i samband med flaumen.

Etter kommunesamanslåinga i 1965 fekk Hjelmelandsvågen ny betydning, sjå m.a. kap 3 om bygg.

## 5.2 Fellesskapen sine bygg

Sjølv om dei ikkje på SEFRAK A-lista, er det fleire bygg som har kulturhistorisk verdi. Ein del har av ulike årsaker ikkje blitt oppdaga under SEFRAK-registreringane. Andre kan vera verdt å hegna om, ikkje nødvendigvis ut i frå alder eller byggestil, men ut frå særskilte minne eller hendingar som er knytt til bygga.

### Fellesskapen sine bygg

Med skulelova som kom på 1860-talet vart omgangsskulene avvikla og erstatta med faste skulebygg, gjerne bygd etter departementet sine typeteikningar for slike. Skulebygg vart reiste i dei fleste krinsane i Hjelmeland, som i Målandsdalen og på Fundingsland. Med sentraliseringa og omlegginga av skuleverket over tid vart talet på skulebygg etter kvart sterkt redusert. Dei siste ti åra er talet skular ytterlegare reduserte, og kommunen står att med ei mange bygg som ein ikkje har bestemt vidare skjebne for. Fleire av dei gamle skulebygga har fått nye funksjonar som td forsamlingshus, men over tid skjer det også ei sanering av slike. Samfunnshus og bygg for skyttarlag, losjehus og andre lag er med på å fortelja historia om Hjelmeland. Det same kan gjelda gamle næringsbygg som har husa ulike verksemder over tid.

Turistforeninga sine hytter er eit anna døme på fellesskapen sine bygg. På Nilsebu vart den fyrste turisthytta i Hjelmeland etablert. I årboka deira for 1918 vert det fortalt detaljert om bygging av den neste turistforeningshytta i Hjelmeland, Blåfjell opp av Førre. Blåfjell vert i dag disponert av fjellstyret.

Bedehusa er ei anna type fellesskapsbygg.

### Kommunehuset i Vågen (info v/Arne Kleppa)

Fredag 13. desember 1963 var ein merkedag i gamle Hjelmeland kommune. Det nye Hjelmeland kommune- og bankhus vart opna med fylkesmann Paul Ingebretsen som den fremste representanten for innbedne gjester. Georg Vika var ordførar. På opningsfesten fortalde tidlegare ordførar John Mæland at det var gått 40 år sidan saka vart tatt opp som tema i kommunestyret. Det var Hjelmeland Sparebank som først kjøpte og sikra tomte for

huset der det nå står. Men i mellomtida var det storflaum i Vågen (1940) som m.a. raserte ein del av tomte som var kjøpt.

Hjelmeland kommune- og bankhus var på mange måtar eit oppsiktsvekkjande bygg i si tid, ikkje minst arkitektonisk utforming, storleik, og at bygget vart bygd for å husa meir eller mindre alle offentlege administrative funksjonar i kommunen. Kommuneadministrasjonen, bank, statlege etater som likning, trygdekontor, lensmann, post og telefon. Kommunestyresalen vart oppfatta som storstilt, ja nærast luksuriøs. Opphavelag var den delt i to avdelingar med ei gedigen foldedør. I tillegg var det eigen festsal med kjøkken i 2. etg. I fløyen mot elva. Hjelmeland Sparebank hadde eigen separat inngong frå "hovudgata" i Vågen.

Sjølv om bygget ved opninga framsto som overdimensjonert og "prangande", skulle det snart visa seg at vekst og utvikling ville visa noko anna. Kommunereforma i 1965 gav som resultat at nye Hjelmeland kommune frå 1.1.65 ville omfatta tidlegare Hjelmeland, Årdal og Fister kommunar. Etersom Hjelmelandsvågen skulle vera administrasjonssenteret i den nye kommunen, viste det seg raskt at kommunehuset på ingen måte var overdimensjonert. Kommunekasserarkontoret vart av ulike årsaker lokalisert i Årdal etter kommunesamanslåinga. Når kontoret vart flytta til Hjelmeland i 1979, var kapasiteten i kommunehuset for lengst sprengt, noko som innebar at kontoret måtte lokaliserast i mellombels kontorbrakker på kaisida i Vågen. Alt på denne tida var festsalen i 2. høgda innreia til kontor.

Tidleg på 70 talet vart det klart at Hjelmeland kommune- og bankhus måtte gjennomgå ei omfattande utbygging om ein framleis ville satsa på felles administrasjonsbygg for kommune, bank og statlege funksjonar som i starten. Det medførte at kommunen og banken i 1975 nedsette plan- og byggekomite for utviding av bygget. Dette resulterte i prosjektering av tilleggsbygg med areal på om lag 1 1/2 gong større enn opphavelag areal. Det nye bygget ville "okkupera" nesten heile friarealet mot elva i høvet til eksisterande bygg.

Hjelmeland kommunestyre gjorde likevel tidleg i 1979 vedtak om at nytt byggeprosjekt ikkje skulle realiserast. Dette medførte m.a. at Hjelmeland Sparebank måtte finna andre alternativ. Kort fortalt resulterte dette i eige bankbygg i Prestegarden, som vart opna 2. mai 1983. Statlege kontor fekk nye kontor i det nye bankbygget, post og telefon flytte ut, og kommunekasserarkontoret fekk plass i banken sine gamle lokal i kommunehuset.

Trass i frigjerung av omfattande areal i kommunehuset vart det stadig for lite. Dette sjølv om det nå for lengst berre var kommunen sitt eige behov som skulle stettast. Vidare var det slik at sjølve bygget, innvendig som utvendig hadde behov for opprustning. Sentrale funksjonar som ventilasjon m.v. måtte gjennomgå radikal rehabilitering. Dette kombinert med ei meir funksjonsvenleg innretning av romstrukturen i bygget, og ikkje minst korleis ein kunne innfri eit stadig større behov for meir kontorareal. Planlegging for slik gjennomføring gjekk føre seg i 1993/94, med mange ulike alternativ undervegs. Det kan her nemnast at det m.a. var forslag om å innreia kommunestyresalen til kontor, utbygging mot elva som i 1978, og at eksisterande bygg skulle ombyggast med saltak ! Enden på "visa" (heldigvis), vart eit lite påbygg mot moloen (del av planen i 1978), samt nødvendig rehabilitering innvendig med kommunestyresalen intakt. Dette er i hovudsak kommunehuset slik det står i dag både inn- og utvendig.

Aukande rombehov for kommunesektoren er delvist løyst gjennom "Vågahuset" som var eit fellesbygg oppført av Samvirkelaget og kommunen (seinare overteke av kommunen), og i Helsehuset på Prestegarden.

Det opphavelage Kommune- og Bankhuset oppført i 1962, er teikna og prosjektert av Sivilarkitekt Endre Aarreberg. Det same arkitektfirma vart nytta ved utbygginga og rehabiliteringa i 1995.

Kostnaden i 1962 inkl. inventar var ca 900.000.



## Bedehus

Det eldste bedehuset i landet vart bygd i Hjelmelandvågen så tidleg som i 1840, to år før Konventikkelpakaten faktisk vart oppheva. Etter vart det bedehus i dei fleste krinsane i Hjelmeland

På Randa på Randøy vart det i 1916 bygd eit privat «gårdsbedehus» av brørne Lars og Ola Randa; «Siri og Lars Randa Minde». Bygget står heilt autentisk den dag i dag, og er i førre kulturminneplan prioritert høgt på lista over bygg som er verdt å ta vare på. Jøsneset er det eldste noverande bedehusbygget, reist i 1913. Det er framleis i bruk.

Liste over bedehus: Årdal (1869, nytt i 1911 og i 1987), Nessa (1928, reve), Dalen i Årdal (1919), Fister (1960), Askvik (1938), Øye (1936), Randa (1916), Sandanger (1928), Hjelmeland (1840, nytt i 1849), Vormedalen (1928), Jøsneset (1913), Jøsenfjorden (1955), Skår (1955). Jøsenfjorden bedehus vart vigsla til kapell 1956.

Nedlagte skular tekne i bruk til bedehus: Fundingsland (skulen nedlagt 1951, bygd 1899), Fisterneset (skulen nedlagt 1954), Tuftene (skulen nedlagt 1962), Ingvaldstad (skulen nedlagt 1963).

## 5.3 Samferdsel

Sidan Hjelmeland vart etablert som kommune i 1838, har arbeid for betre samferdsel stått høgt på dagsorden. Kaiar, bruer og vegar var nødvendige for å få utvikling i bygdene. Dei gamle sjoarvegane var viktige for å få folk ned til fjorden slik at dei kunne dra vidare. I Tøtlandsvik finn me den gamle sjoarvegen frå garden Vormeland, framleis tydeleg å sjå i fjellsida. Når haugianarkvinna Helga Vormeland reiste for å tala i forsamlingane, var det på sjoarvegen til Tøtlandsvik reisa starta.

### 5.3.1 Rutetrafikk på sjøen

Den fyrste rutebåten vart sett i drift på Ryfylkefjordane i 1855. Då var berre Hjelmelandvågen på lista over stoppestadar. I 1920 var dette utvida til 25 stader i Hjelmeland, Fister og Årdal. Fjordatrafikken og båtane er godt dokumenterte gjennom ei rekkje bøker m.a. av Njål Tjeltveit.

Gamle trekaier vart etter kvart erstatta av brygger i stein. Ny 20m kailine i Melsosen i Årdal vart ferdig bygd i 1907, finansiert av kommunen med støtte frå amtet.

#### Jøsenfjord Rutelag og «Jøsenfjord»

Særleg småkrinsane var misnøgde med rutetilbodet til Stavanger. I 1916 tok tre karar frå Jøsenfjorden; Johannes Hauge, Åke Hauge og Østen Dale initiativ til å byggja ein båt i Jøsenfjorden ved hjelp av innleigde båtbyggjarar frå Hardanger. Båten MK «Jøsenfjord» sette dei inn i rutefart til Stavanger. I 1920 vart reiarlaget

«Jøsenfjord Rutelag» skipa, som eit folkeaksjeselskap. Då hadde Åke og Øystein trekt seg ut og overlatt sine eigardelar til brørne Magnus og Johan Kaldheim, og Kittil Førre. Det nye rutelaget erstatta i 1929 lokalbygde «Jøsenfjord»- seinare «Saudafjord»- med ein innkjøpt større båt med metallskrog: «Lindesnæs». «Lindesnæs» vart omdøyppt til MS «Jøsenfjord». Denne vart nyleg kjøpt attende til Rogaland som veteranbåt, og er i ferd med å bli restaurert med støtte frå Riksantikvaren. Ei veneforening; «Nye Jøsenfjord rutelag» er etablert.



### 5.3.2 Vegar og bruer

Prestavegen mellom Hjelmeland og Årdal er rekna som eit fornminne frå eldre tider, men vart i hovudsak bygd ut som rideveg tidleg på 1800talet. Det var den vegen prestane tok når dei skulle ha preikesundag i Årdal. Delar av Prestavegen langs Riskedalsvatnet vart i 2016 gjenopna som turveg. Det finst ein god skriftleg dokumentasjon om kvalitet på vegen frå eldre tider, og klagemål frå prestane som skulle nytta den. Eit nyare hefte skildrar vegen meir i detalj. Sokneprest Thaulow endte sine dagar etter skade og sjukdom som følgje av fall frå hest i samband med gudsteneste i Årdal 2.påskedag 1858.

Det fyrste nyare vegprosjekt i Hjelmeland var bygging av veg frå Vågen til Hetlandsvatnet på Hjelmelandsfjellet. Den var ferdig i 1883.

Vegen mellom Årdal og Fister var ferdig i 1896, og vegsamband mellom Fister, Årdal og Hjelmeland var på plass så tidleg som i 1905.

#### Vågabrua og flaumen i 1940

Den fyrste brua over elva i Hjelmelandsvågen vart bygd på 1840-talet. Den vart erstatta av ei bru i stein og betong i 1904. Denne brua for i flaumen i 1940, og ei ny bru delvis basert på dei gamle brukara, vart bygd etter flaumkatastrofen.

Flaumen var ein stor katastrofe for Vågen, sjølv om ikkje menneskeliv gjekk tapt. Fleire bygg, m.a. meieriet, og pensjonatet vart øydelagt i flaumen i november. Delar av den gamle kyrkjegarden samt det aller fyrste bedehuset flaut på sjøen.

#### Viglesdalsvegen

Viglesdalsvegen var bygd som driftaveg, finansiert av Staten (50%), fylket (25%) og Årdal kommune (25%). Opphavleg skulle vegen gå heit fram til Nilsebu, men planane vart justerte og korta inn. Den var ferdig i 1912, og vart drifta som fylkesveg heilt fram til 80-talet då kommunen overtok. Føremålet var å driva dyreflokker til beiteområda i heiane. Nyleg vedtok kommunen å inngå forhandlingar med grunneigarar og turistforening om mogleg nedklassifisering frå kommunal veg.

#### Ryfylkevegen og ferje over Jøsenfjorden

Sommaren 1965 vart det nye ferjeleiet Tøtlandsvik –Vindsvik teke i bruk med den nybygde «Jøsenfjordferjen». Dette var omtrent den siste byggesteinen i arbeidet for å få samanhengande riksveg frå Sandnes til Sand, den nye «Ryfylkevegen». 25 år seinare vart ferjeleiet flytt ut i fjorden til Sande på Hjelmeland, og Ombo vart påkopla. Då hadde vegane langs Jøsenfjorden si nordside vore klare sidan 81. Då ferjeleiet vart opna i 1965, var det berre garden Indre Eiane som fekk vegutløysing.

### **Randøy bru**

Randøy bru vart opna av kong Olav i 1976 saman med dåverande ordførar Arne Hetlelid. Brua kosta 11 millionar.

### **Bussruter**

I 1930 fekk Hjelmeland Rutebilaksjeselskap konsesjon for rutetrafikk på strekningane Hjelmeland-Årdal og Hjelmeland-Vormedalen-Funningsland. Seinare overtok Jøsenfjord Rutelag desse bussrutane også. Edvard Austigard starta opp md rutetrafikk på den nybygde vegen mellom Årdal og Tau i 1938. I 1940 ruta overteken Ryfylkevegens billag som var stifta av Jøsenfjord Rutelag og Det Stavangerske Dampskipselskap i fellesskap.

## **5.4 Industri og handtverk**

### **5.4.1 Ullvare**

#### **Spinneriet**

Ut over 1800-talet var veving, farging og stamping av vadmål eit heilt industrieventyr for Hjelmeland. Kvinnene spant og vov heime, så vart tøyet stampa i ei vadmålsstampe, og farga. Sokneprest Thaulow meinte det vart seldt rundt 20.000 alner vadmål frå Hjelmeland i 1840. Vel tretti år seinare drog åtte mann i gong industriforetaket «Hjelmeland Interessentskab», i dag kjent som bygningen «Spinneriet». Etableringa sleit økonomisk, og i 1896 overtok «Hjelmeland uldspinderi og elektricitetsværk». Sidan har det vore drive ulike typar industriproduksjon i Spinneriet, m.a. hermetikkindustri, kraftverk, jærstolfabrikk og treskofabrikk. På åttitalet var det tale om smoltanlegg i Spinneriet. Med knappast mogleg fleirtal vedtok kommunestyret i staden å gjera Spinneriet om til kulturbygg.

### **5.4.2 Jærstol og sponkorger**

Dei aller fyrste jærstolane vart produserte av Johannes Hetlelid (1869-1944) på garden Hetlelid sør av Svadberg i Årdal på slutten av 1800 talet. Johannes og familien flytte til Tveitå på Laugaland og heldt fram med produksjonen der. Hetlelid jærstolfabrikk i Vormedalen starta i 1899. Seinare kom jærstolindustri fleire stader. Aksel Hansson og svogeren Halvard Slaake starta i Spinneriet i 1938. Etter flaumen i elva i 1940 brukte dei restane av det gamle pensjonatet i Vågen til å byggja opp ny fabrikk ved nedre enden av Steinslandsvatnet. Etter nokre år skilte dei to svograne lag, og gjekk vidare med kvar sin fabrikk. Desse; Slaake trevare og Aksel Hansson AS, er dei fabrikkane i kommunen som produserer Jærstol i dag.



Ved ferjeleiet på Sande har produsentane i samarbeid med kommunen sett opp «Verdas største jærstol». Namnet jærstol kjem av at det i starten vart nytta siv frå Jæren til flettinga.

Jærstolen har i mange år vore eit signaturprodukt frå Hjelmeland. Me har vore «jærstolkommunen».

### **5.4.3 Sølvsmedmiljø**

#### **Gullsmed Jacob Tostrup og sølvsmedmiljøet i Hjelmeland**

Heilt i starten på 1800-talet vart etablert sølvsmedmiljø på Hjelmeland. Svensken David Lundberg etablerte seg her og gifte seg med dotter på Sandegarden, Karen Bolette, i 1816. Ludvig Munthe og Andreas Sandsberg vart lærte opp av han. Sandsberg vart seinare kjent for sine flott sølvkanner, og for sin innsats som kommunen sin fyrste ordførar.

Jacob Tostrup (1806-1890) som skulle bli ein av dei mest kjente gullsmedane i Noreg, vart fødd på Sandegarden. Han fekk kjennskap til sølvsmedfaget av sin onkel David Lundberg og av Andreas Sandsberg (altså fyrste ordføraren i Hjelmeland), og gjekk i lære hjå Sandsberg i fire år før han kom i vidare i lære hjå gullsmedmeister Christopher Desingthun i Bergen. Seinare dro han m.a. til tsaren sitt hoff i St Petersburg, og etablerte stor gullsmedforretning i Oslo. Tostrupbygget nærast Stortinget stod han bak.

### **5.4.4 Berg, stein og grus**

#### **Skiferbrot**

På Randa vart det i starten av 1800talet starta opp med skiferbrot. Steinen vart sendt til Stavanger, der mykje av den vart nytta i Steinkarkaien. I 1895 fekk Carl Trygstad, Bergen, einerett på uttak av skifer på Randa. Etter kort tid vart kontrakten overført til nokre andre bergensarar, og produksjonen etter kvart overført til Kåda på Randøy. I 1900 var det 40-50 arbeidarar som arbeidde i skiferbrota her. Så gjekk drifta i bølgedalar, nedgong etter 1910 og ny giv i 1920. I Kådavagen vart det bygd kai, og dit kom farty for å henta skifer.

#### **Pukkverk på Øvrehus på Fister**

I åra 1912 til 23 vart det dreve pukkverk på Øvrehus på Fister. Det var Stavanger stenindustri as som stod for drifta.

#### **Kiselgur på Nessa**

Engelskmannen A. Pitcon fekk i 1912 løyve frå Årdal kommunestyre til å driva uttak av kiselgur på Nessa. Selskapet som start opp drifta heitte Pictons Diatomemite Concessions. Stoffet vart nytta som industrielt råstoff m.a. i produksjon av kosmetikk og dynamitt. Etter at det vart gravd kanal frå myra og ned til Nessavatnet for å tørka ut myra, kunne utvinninga starta. Kiselguren låg under eit lag med torv. Så vart Kiselguren brent (opp til tre månadar om gongen, med ei fæl lukt), før den vart knust og lagt i sekker. Støvet vart eit arbeidsmiljøproblem. Hest og slede vart nytta for å få sekkene fram til Nessakaien for vidare båttransport. På det meste arbeidde 17 personar i utvinninga, som vart avvikla ved andre verdskrigen.

#### **Sand og grus**

I 1935 starta «Jøsenfjord sandtak» opp på Øvre Hauge i Jøsenfjorden. I løpet av eit par år vart det starta opp sandtaksdrift langs sjøen på alle fire gardane på Hauga, og i nyare tid også på gardane på Vadlasida. I dag driv Norstone sandtak på Vadla og Østerhus, med utskipping frå Hauga. Sandtaksdrifta i Årdal starta i hovudsak etter krigen, men det finst også spor etter drift ennå tidlegare. Frå Årdal er det levert sand til m.a. Øresundbrua. Ei periode vart det dreve sandtak i Vormedalen. Sand herifrå gjekk i stor grad til bygging av større oljeinstallasjonar til Nordsjøen.

## 5.4.5 Kraftproduksjon

### Oppkjøp av vassrettar

Rundt og like etter 1900 gjekk det føre seg omfattande oppkjøp av vassrettar for straumproduksjon. Det var reine «klondyke»-tilstandar med mange spekulantar i sving. I 1912 vedtok Stortinget å kjøpa vassrettane knytte til Ullaelva. Like etter krigen kjøpte Staten også rettane knytte til Førreelva. Likevel vart ikkje denne kraftutbygginga realisert før på syttitalet.

Same omfattande oppkjøp som i Jøsenfjorden skjedde også i Årdal. I 1909 fekk AS Lysefjord konsesjon utbygging av Storåna. På det tidspunktet var det planar om bygging av salpeterfabrikk i Årdal. Det vart det ikkje noko av. Årdal kommune fekk i mange år (1916-33) erstatning for ei kraftutbygging som det i den perioden ikkje vart noko av.

### Kraftverk i Spinneriet

Hjelmeland Uldspinneri og elektrisitetværk AS starta opp privat elektrisitetværk i Spinneribygget i 1913. Straum vart nytta til å få lys. Hjelmelandvågen var det einaste bygdelaget i kommunen som hadde elektrisitet før 1920.

### Ulla Førre og Førrevassdammen

Som nemnd over, vedtok Stortinget i 1812 å kjøpa opp vassrettane knytte til Ulla Førre. Konsesjon vart gitt ved kongeleg resolusjon i 1974, og same år vart anleggsarbeidet starta opp. Førrevassdammen, som demmer opp magasinet Blåsjø mot Førrejuvet, ligg i grensa mellom Suldal og Hjelmeland. Dammen, som er laga i massiv betong, vart bygd i åra 1982-1986, og er Nordens største betongdam med eit volum på 260.000m<sup>3</sup>. Største lengde er 1300m, høgde er 98m og breidde er 15 m. Den midtre delen er bygd som ein dobbelkrumma hvelvdam. I 1989 vart byggverket tildelt «Betongtavlen- for fremragende byggearbeid i betong». Betongtavlen er ein ærespris som vert utdelt av Norske arkitekters landsforbund og Norsk betongforening til byggverk «der betong er anvendt på en miljømessig, estetisk og teknisk fremragende måte». Førrevassdammen vart teikna av Ingeniør Chr.F.Grøner AS for Statkraft.

## 5.5 Fiskeri og oppdrett

### 5.5.1 Hundsnes – eit fiskerisenter

Mikal Viga vart fødd i 1874 på husmannsplassen Vigavågen. Han starta som notbas på ein båt som Bjelland i Stavanger åtte. Etter kvart gifte han seg og kjøpte gårdsbruket i Askvik nær Hundsnes. I 1907 kjøpte han seg motorbåt. Viga gjorde det godt og investerte også i anna næring. På Hundsnes bygde han opp ei omfattande verksemd med to stor sjøhus, to noheng, barkeri og røykeri. Han åtte mange båtar.

Rundt 1.verdskrigen var det rundt 200 personar i Hjelmeland som hadde fiskeri som næring. Brislingfisket og vårsildfisket var dei store fiskeria. Båten frå Hundsnes dreiv i tillegg sildefiske ved Island. Mange mann vart sysselsett på Mikal Viga sine båtar og bruk.

På Hundsnes har Trygve Mikal Viga etablert ei fiskerihistorisk samling i privat regi.

### **Giljefiske (sitjenot)**

Giljefiske er ei spesielt type fiske etter makrell. Nota vert styrt frå land. Giljefiske skjer framleis i Hjelmeland i dag, ma. med anlegg langs Jøsenfjorden og på Ombo.

## **5.5.2 Oppdrettsnæringa**

I 1972 starta Malvin Viga med oppdretta av aure i notposar i sjøen. Same året starta også Anders Romsbotn på Sandanger og Mikal Viga opp prøveproduksjon. Det gjekk trått og smått på grunn av problem med avsetning. Men frå 1978 og utover vart det satsa tyngre, og avsetningen gjekk likare då Fiskeoppdretternes salslag vart oppretta same året. Folk med bakgrunn i spesialisert husdyrproduksjon (egg, pelsdyr) eller med bakgrunn i fiskeriene satsa tungt og lukkast. I 1981 vart slakteriet på Hundsnes etablert. På Fister etablerte suldølen Lars Littlehamar smoltanlegg så tidleg som i 1977. Etter sjukdom og algeutfordringar i stund på åttitalet, har oppdrettsnæringa utvikla seg til å bli ein stor hjørnestein i næringslivet i Hjelmeland. Ein ny fase i oppdrettsnæringa skjer for tida ved at det vert etablert postsmoltanlegg på land, for å få kortare tid i sjøen. Slagordet «368 from smolt to plate» symboliserer at det er eit mål å ha laksen berre eit år i sjøen, så treng den 3 dagar i tillegg for å nå forbrukar.

Driftsformene har etter kvart endra seg kraftig, og Jøsenfjorden er teke i bruk til oppdrett etter ein kamp mot statlege styresmakter på nittitalet.

### **Kveita**

Like før tusenårsskiftet starta oppdrett av kveite hjå oss. Kveite frå Hjelmeland er etter kvart blitt eit nytt signaturprodukt frå kommunen år, og er eit populært råstoff ved store kokkekonkurransar som td « Bocuse d'or». Sterling White Halibut driv kveiteproduksjonen frå anlegga i Tøtlandsvik og Vassvik.

## **5.5.3 Laksefiske i elvar og vassdrag**

Laksefiske i elvar har lang tradisjon i kommunen. I Ulla leigde engelskmannen Archer opp lakserettar før århundreskiftet. I Årdal har også laksefisket vore ein viktig rett som mange gardar har del i. Kraftutbygging har vore eit stor utfordring begge stadar.

## **5.6 Landbruk**

Mangesysleriet er vel det viktigaste kjenneteiknet på Hjelmelandslandbruket. Bøndene har dreve med mange ulike produksjonar. Sjølv om spesialisering har blitt meir vanleg etter krigen, er det framleis vanleg at bøndene i Hjelmeland drive med fleire ting. Mange har etter kvart også teke seg jobb utanom garden.

### **5.6.1 Husdyrkommunen**

## Egg og pels

Etter andre verdenskrigen vart det meir vanleg med kraftforkrevjande produksjonar. Innafor eit avgrensa område som Randøy var det mange driftige bønder som satsa tungt på egg og pelsdyr, produksjonar som baserte seg på tilført for og stor fagkunnskap. Dette kompenserte for små bruk med tungvint beliggenhet. Før konsesjonsreglar vart innførte med maksgrense 2000 høns pr bruk, hadde Anders Romsbotn etablert eit hønseri med 22000 høns. Fleire av husdyrbøndene på Randøy satsa vidare på fiskeoppdrett når det kom.

## Beitenæring

Sau og geit har vore viktige næringar i alle år. Geitehaldet er i dag heilt borte, mens sauene er meir talrik enn nokon gong. I mange år leigde bønder i Hjelmeland ut geiteflokkane sine til bønder i Røldal, som stod for melking og ysting. Viglesdalsvegen vart i si tid bygd for å forenkla frakt av drifteflokkar aust vest.

## 5.6.2 Frukt og bær

Røtene til hagebruket i Hjelmeland går attende til 1700-talet. Sorenskrivar Barth på Knutsvik hadde ein hage på 7,5 da, full av både frukttre og prydbuskar- Sokneprestane Thaulow og Hofgaard snakka fram hagebruket på 1800talet, og mellom andre Kristen Selvaag, bonde på Sande, stod for innkjøp av frukttre frå Kristiania og Hamburg. I 1907 var der 19000 frukttre i prestegjeldet og Hjelmeland var blitt den største fruktkommunen i fylket. Denne posisjonen har kommunen halde sidan. Fruktbønder frå Hjelmeland deltok på ulike landsutstillingar og gjorde det godt der.

Selvaag på Sande var også stor på bærproduksjon og handel med bær. Han skal ha mykje av æra for at det kom i gong bærekspor til Newcastle. Leveransane skjedde i femliters sponkorger med lok og hank. Varene vart sende til Bergen og vidare med Englandsbåten derifrå.

Produksjonsvolum og teknikkar har gått i bølger. På syttitalet var det ei sterk omlegging i dyrkingsteknikk som førte til ei ny oppbløming. Dei siste par åra har heilt nye produksjonsformer revolusjonert dyrkingsteknikken ennå ein gong. Utvikling av eplemostproduksjon har gitt heilt nye dimensjonar til fruktproduksjonen. I 1974 oppretta kommunen stilling som heradsgartner, ein funksjon som heldt fram i vel 25 år.

## 5.6.3 Skog og julatre

I kap 1.2.1 er det fortalt om den store trelasthandelen som fann stad på 1600-talet då skutar frå kontinentet og Skottland handla trelast i Ryfylke. Som del av det omtalte mangesystemet på garden, har skogen også hatt ein viktig plass. Ved inngangen til 1800talet var det sju sagbruk i Hjelmeland, fem i Årdal og eit på Fister. Det var ei utfordring i dei tider med for sterk hogst. Trelasthandelen med Jæren hadde ofte preg av bytehandel.

Etter krigen vart det i offentleg regi satsa tungt på skogreising i form av granplanting. Fruktene av det vert hausta i våre dagar.

Julatre er ein spesialisert produksjon i grenselandet mellom skogbruk og hagebruk. Det er veldig gode klimatiske forhold for julatreproduksjon i Hjelmeland, og godt fagmiljø. Frå syttitalet har produksjonen auka kraftig, men tendensen er som i andre produksjonar, større fagleg spesialisering. Særleg fjelledelgran egner seg veldig godt for dyrking i Hjelmeland, og eksport er fullt mogleg.

## 5.7 Krigsminne

Ein har tidlegare nemnt at Hjelmeland var sentral i forsvaret knytt til «Ryfylkske kompani», og om ekserserplassen på Flådene på Sæbbø (sjå avsnitt 1.2.1). Elles er krigsminne i Hjelmeland i hovudsak knytt til 2.verdskrigen 1940-45. Njål Tjeltveit og Trygve Brandal har skrive ei eiga bok om krigsåra i Hjelmeland.

Rundt om i kommunen er det fleire stader og bygg/anlegg som ei historie knytt til krigsåra.

### Flaumen i Vågen november 1940

Natt til 26.november 1940 vart Hjelmelandvågen råka av ein stor flaum, og brua og mange bygningar og anlegg vart øydelagde. Noko av årsaka til skadeflaumen kan ha vore at ein nytta stein frå elva til å laga molo. Flaumen fekk avgjerande betydning for vidare utvikling av området, og «rydda» m.a. veg for bygging av kommunehus 25 år seinare.

### Smeden frå Hjelmeland

Smeden Georg Fjellberg vart i 1941 avretta av tyskarane for å ha oppbevart våpen ulovleg. Med Fjellberg var også sakfører Hallvard Laugaland i Hjelmeland. Få månadar seinare fekk tre andre hjelmelandsgutar same skjebne; Birger Åsland, Magnus Tuntland og Oliver Mjølhus. Høgsterettsadvokat Leif Rohde, skreiv i samband med den summarisk rettssaken mot Fjellberg eit hyllingsdikt kalla «Smeden frå Hjelmeland». Det er ei eiga minnestøtte for Fjellberg plassert ved fylkesvegen like oppføre Hjorteland i Suldal. For dei tre siste vart det reist ei minnestøtte ved Hjelmeland kyrkje.

### Fristaden Førre

I april dagane 1940 flykta den engelske konsulen Thomas Spencer med følge på i alt 11 personar til Førre, og fekk skjul der i fleire veker. Seinare vart dei smugla vidare til Bømlo og England. Fleire førrefolk var aktive i motstandsrørsla. I 1944 døydde ungdom Jon Førre av poliomelett. Dagen før gravferda kom tyskarane til Førre, gjorde arrestasjonar og åt opp det meste av gravferdsmaten. Fleire arrestasjonar vart gjort på Vadla, og fleire vart sendte til fengsel på Grini.

## 5.8 Natur og landskap med historie

Hjelmeland kommune har eit aktivt kulturlandskap – med spor på godt og vondt av menneskeleg aktivitet gjennom tidene. Ulike driftsformer i landbruket gir ulike landskapsuttrykk. Det at beiteressursen vert mindre brukt, og bruk nedlagde, fører til attgroing. Ei kartlegging og presentasjon av fråflytte og veglause gardar er under arbeid i privat regi.

### Kydlestuvane i Målandsdal

«Verner natur med motorsag» heitte det på 90talet då kommunen starta opp skjøtsel av det verna kydlestuvområdet i Målandsdal. I dag er det Fylkesmannen i Rogaland som har ansvaret for forvaltningsa av dette interessant området.

### Skomakarnibbå

Skomakarnibbå er eit turmål og eit utfordrande fjellparti på kanten mot Jøsenfjorden mellom Hagalid og Tøtlandsvik. Det er knytt eit gamalt segn til nibbå; om skjebnen til ein dødsdømt skomakar, og om brurefølgje som ror ut fjorden. Skomakarnibbå har potensiale til å bli eit internasjonalt turmål.

### **Osmundshabn**

Ved fjorden aust for Tøtlandsvik ligg naturformasjonen «Osmundshabn», ei slags skar som går frå fjorden og til topps, og som det også er knytt segn til. Mindre turistbåtar går innom Osmundshabn når dei skal visa fram Jøsenfjorden.

## **5.9 Helletaka**

Helletaka er eit bygningstrekk som er typisk for Hjelmeland. Helletak vert også nytta andre stader i landet, men teknikken som har vore nytta her, altså måten hellene er lagde på, er spesifikk for vårt distrikt. Fleire av SEFRAK-bygga har helletak, som i museumstunet i Viga.



## **5.10 Anlegg og minnesmerke**

### **Forbygging mot flaum og erosjon i Auklandselva, Skår på Ombo**

På NVE si liste over kulturminne finn me flaumsikringa i Auklandselva på Ombo, ferdig i 1938. Flaumsikringa kom på plass etter den store flaumen der i 1936. Dette er truleg eit av dei eldste forbyggingsanlegga som er laga på øyane i Noreg. Anlegget framstår framleis som autentisk og har ei estetisk god utforming.

### **Minnesmerke 17.mai (1814) og 1905**

Minnestøtter oppførte i samband med 100-års jubileet for 1814, og i samband med oppløysing av unionen i 1905 finst fleire stader i kommunen. Ved Fjordahuset i Jøsenfjorden står det ei slik støtte reist av Jøsenfjorden ungdomslag i 1914. I samband med 200årsjubileet for grunnloven vart det «blåst støv av» ein del av desse støttene.

### **Johannes Arneson - bysta**

Johannes Arneson (1865-1967) var lærar, skulestyrar og forfattar som har fått sitt minnesmerke i form av ein byste ved kommunehuset. Han ga ut fleire lokalhistoriske bøker. Særleg kjende er «År eg minnest, menn eg møtte» og «100 år og minnest mangt»

### **«Northern Winds» og skulpturane frå sommarleiren**

Sommaren 2010 kom det i stand eit samarbeid mellom ei internasjonal kunstnarorganisasjon, Spahotellet og Hjelmeland kommune om eit sommaropphald for ein del norske og utanlandske kunstnarar på hotellet.

Sommaren vart nytta til arbeid med steinhogging. Opphaldet vart eit spleiselag mellom et offentlege og private, og resultatet vart fleire skulpturar med bakgrunn i lokal Randøystein som i etterkant er plasserte ut i området frå Sande til Hjelmen. På toppen av Hjelmen med utsikt over fjorden vart kvinneskulpturen «Northern Winds» av Santos Carvalho utplassert i 2011. Det er laga ei turløype med utgangpunkt i desse skulpturane, kalla «Skulpturen».

### **Førrevassdammen**

Sjå avsnitt 2.6 om Ulla Førre og Førrevassdammen.

## 6 Immaterielle kulturminne

### Immateriell kulturarv - definisjon

Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytta til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, sagn og hendingar.

Reint praktisk kan det vera ei utfordring å finna ut korleis ein skal systematisera nokre emne, som til dømes krigsminne. Krigsminne er i denne samanheng putta inn under kapittel 5, men kunne også vore plassert under dette kapitlet. Det same gjeld td tradisjonshandtverk som sponkorgfletting.

### 6.1 Haugianarar, lekmannsrørslle og prestar

#### 6.1.1 Haugianarar og lekmannsrørslle

Hans Nielsen Hauge (1771-1824) var lekpredikant, folkevekkar og samfunnsreformator, og i Hjelmeland fekk han mange tilhengjarar. Religiøse samlingar utan samtykke frå kyrkje og prest var forbode ved lov fram til 1842 då Konventikkelplakaten vart oppheva. Hans Nielsen Hauge forkynte sjølv, og reiste rundt i heile Noreg og talte i forsamlingar. Han oppmoda andre, inkludert kvinner, til å gjera det same. I tillegg til den religiøse verksemda, var Hauge ei stor organisator og oppmoda mange til å starta opp økonomisk verksemd. Dette gjenspeglar seg også på Hjelmeland, der fleire av dei som startar opp verksemd er knytte til haugianarrørsla.

Midt på 1800talet kom **Ole Halvorsen** til Hjelmeland frå Osterøy ved Bergen. Han etablerte fargereri, fyrst i Sandsbergvika på Pundsnes, så i kjellaren i bustadhuset som i dag er kalla «Bjellandhuset» i Vågen, seinare i eige nybygg i Hjelmelandsvågen. Son til Ole; Hartvig Halvorsen, utdanna prest, vart ein sentral indremisjonsmann på landsbasis, og stod bak skiping av Diakonhjemmet i Oslo.

**Ole Nielsen (1827-1915)** – den store industrigrunderen på Ålgård i Gjesdal – vart fødd som husmannsson på Ytre hagen under Prestegarden, i haugianarmiljø i Hjelmelandsvågen. Han kom i fargerilære hjå den kjente haugianaren John Haugvaldstad i Stavanger, og etablerte seinare spinneri og fargereri på Ålgård. Ole Nielsen var heilt sentral i industrieventyret som utviklinga av ullvareindustrien var for Gjesdal kommune. Kvart år tok han arbeidarane sine med på tur med båt til Hjelmeland.

Hans Nielsen Hauge oppmoda også kvinner til å vera aktive i venesamfunna, og til å tala i forsamlinga. **Helga Vormeland (1812-1904)** var den fyrste hjelmelandkvinna som engasjerte seg her. Ho vart fødd på garden Byrkja i Årdal sokn. Ho lærte å lesa og skriva, og ho reiste rundt som talar særleg før ho gifte seg i 1837 og vart gardkone på Vormeland. Helga og dei andre haugianarkvinnene var uvanlege på to måtar: Dei representerte den fyrste kvinnegruppa i landet vårt som hevda seg utanfor heimen. Dessutan var det ikkje lov å samlast til møte utan at presten var til stades.

**Jon Ormson Tengesdal** var fødd i 1800, og budde i Tengesdal i Årdal. Han var plaga av tungsinn, men la i veg til austlandet for å treffa Hans Nielsen Hauge personleg. Av Hauge fekk han det rådet å byggja veg til gards. Jon følgde rådet. Den dag i dag er vegen langs Tengesdalsvatnet å finna; eit ufatteleg prosjekt.



## 6.1.2 Prestar

Mange av prestane i Hjelmeland opp gjennom tidene har hatt funksjon ut over det reinte kyrkjelege, og sett spor etter seg i samfunnet. Me har nemnt Daniel Jørgensen som fungerte i embedet tidleg på 1600-talet, og som var sentral i trelasthandelen med Skottland og kontinentet. På 1700-talet var det i to rundar prester frå familien Pavels. Slottspresten Claus Pavels, som i ettertid er blitt berømt for sine dagboksnotater frå maktspelet i 1814, var barnebarn til hjelmelandpresten Jacob Pavels som var prest her 1731-38. Frå 1829 til 1858 var Johan Gottlieb Thaulow, slektning av Henrik Wergeland, sokneprest i Hjelmeland. Han var ein aktiv samfunnsdeltakar, og var m.a. ordførar i Hjelmeland kommune 1844-47. Etterfølgjaren hans, Paul Resen Hofgaard som var sokneprest 1858-1880, var også ein aktiv samfunnsbyggjar som m.a var oppteken av hagebruk. Han var lenge formann i landboforeningen. Hofgaard var også prost i Ryfylke.

## 6.2 Grunnloven 1814 og oppstart av Hjelmeland kommune

17.mai 1814 signerte Eidsvoldmennene på Noregs Grunnlov, og Noreg som eigen nasjon var eit faktum. Etter at Napoleon hadde tapt krigen, vart det likevel Sverige og Karl Johan som ovetok Noreg frå Danmark. Den 300 år gamle unionen med Danmark vart oppløyst, men det tok 23 år før den statlege embedsstyringa vart delvis avløyst av lokaldemokratiet gjennom formannskapsloven frå 1837. Då vart det fyrste lokalvalet helde, og Hjelmeland prestegjeld, som bestod av Hjelmeland, Fister og Årdal sokn, fekk eige kommunestyre og formannskap som trådte i kraft 1.1.1838. 10 år seinare takka Årdalsbuen for seg og vart eigen kommune. Dei to fyrste ordførarane i den nye Hjelmeland kommune var sølvsmed Andreas Sandsberg (1838-1843), og sokneprest Johan Gottlieb Thaulow (1844-1847). Det var visstnok misnøye med ordførar Thaulow som bidrog til at Årdal ville skilja lag. Fister vart eigen kommune i 1884, med Ola S. Sigmundstad som ordførar.

Heradstova – det eldste kommunehuset i Hjelmeland – vart bygd i 1847. Heradstova var også skulebygg.

I 2014 markerte Hjelmeland kommune 200-årsjubileet for grunnloven med eit stort kulturarrangement og vandring mellom Hjelmeland og Årdal.

## 6.3 Lagsliv og friviljug arbeid

Haugianarrørsla representerte den fyrste «bølgja» av masserørslar som Hjelmeland vart ein viktig del av og som var med på å byggja bygda og landet på ein robust måte. Lekmannsrørslene har sett spor etter seg i lokaldemokratiet, i utvikling av friviljug arbeid og folkehelse, både direkte og indirekte.

Men foreningslivet var mykje breiare enn berre bedehus. Hjelmeland samtaleforening vart stifta i 1887, seinare omdøpt til Hjelmeland ungdomslag. Dei heldt hus m.a. i Spinneriet og Heradstova, men bygde seg seinare eit eige hus vegg i vegg med skulehuset i Almenningen. Seinare vart det knoppskyting av ungdomslag i fleire av krinsane, som Jøsneset Ungdomslag i 1890.

Fråhaldslag vart skipa så tidleg som i 1837, og i 1861 vart Hjelmeland totalavhaldsforening skipa som den andre bygdeforeninga i landet. I 1883 vart det skipa skyttarlag både på Fister og i Jøsenfjorden. I Jøsenfjorden er laget framleis i drift.

Hjelmeland Turn og idrettslag vart skipa i 1910, truleg det fyrste idrettslaget i Ryfylke. Øvingane gjekk føre seg på ungdomshuset i Almenningen.

## 6.4 Personar, hendingar og andre immatrielle kulturminne

Lista av immatrielle kulturminne er lang for Hjelmeland sitt vedkomande. Gamle handtverkstradisjonar, dugnadstradisjonar knytt til idrett og forsamlingshus, feiring av 17.mai osv representerer viktige grunnesteinar i hjelmelandssamfunnet. Handtverk og tradisjonar må haldast ved like og utviklast for å vera levedyktige. Heldigvis har me mange skribentar og organisasjonar som på ulikt vis har dokumentert mykje av dette i bokform. Ryfylkemuseet arbeider med å dokumentera og ta vare på handtverk knytt til bygg. Men det er eit tankekors at viktige tradisjonsrike lokale handtverk som stolbinding og korgfletting står i fare for å forsvinna med dei få som er att som kan kunsten.

### Stavanger turistforening og Johannes Gill

Stavanger turistforening vart stifta i 1887. Hjelmeland kommune er den kommunen i landet som har flest medlemmer i turistforeningen i høve til innbyggjartalet. Det lokale Hjelmeland turlag – som består av Stavanger turistforening sine medlemmer innafor Hjelmeland kommune sine grenser – vart etablert like etter tusenårskiftet. I årbøkene til turistforeningen har det gjennom alle tider vore mykje hjelmelandsstoff. I dei siste 20 åra før andre verdskrigen var Johannes Gill, fødd i Jøsenfjorden, inspektør i Stavanger turistforening. Han var utdanna lærar, men hadde ansvar for oppsyn av alle hyttene, og skreiv mykje lokalt stoff i årbøkene. Johannes Gill ga også ut boka «Eg veit meg ein fjord» med historiske småstubar frå Jøsenfjorden, og var sentral i bygginga av turistforeningshytta Blåfjell i 1918.

### Bygdaposten for Hjelmeland

Lokalavisa Bygdaposten vart starta i 1973 av dei fire privatpersonane Arne Kleppa, Jon Olav Sigmundstad, Chr. Nedland og Rolf Aarsand. Lokalavisa vart i 2009 kjøpt opp av og fusjonerte med Strandbuen. Bygdaposten er pr i dag ikkje gjort tilgjengeleg på nett slik td Suldalsposten er det, men finst i alle fall i Nasjonalbiblioteket delvis i papirform, som mikrofilm og som scanna eksemplar. Bygdaposten representerer eit rikhaldig lokalhistorisk arkiv.

### Njål Tjeltveit

Njål Tjeltveit (1943-2001) var utdanna adjunkt. Han var i tida 1984 - 2001 tilsett som kultursjef i Hjelmeland kommune. Tjeltveit var genuit interessert i lokalsamfunnet og den historiske samanhengen, og produserte mange lokalhistoriske bøker, ein del av dei i samarbeid med andre. Samferdsel (båtar, vegar, kaier mv) var eit tema som Tjeltveit hadde særleg god innsikt i.

### Sigbjørn Obstfelder

Bestefar til diktaren Sigbjørn Obstfelder var tysk feltlege som slo seg til på ein husmannsplass i Vigavågen og gifte seg med ei lokal jente frå Randøy. Legen døydde tidleg, og kona Berta flytta då vidare med dei fem borna til Stavanger. Far til Sigbjørn, Heinrich, utanna seg til bakar. I vaksen alder besøkte Sigbjørn Obstfelder ofte Hjelmeland. I samband med 150-årsjubileet for diktaren sin fødsel, vert soga om Obstfelder på Nilsebu framført av Rogaland teater – på Nilsebu. Forteljinga er henta frå turistforeningsårboka frå 1921.

### Lokalt talemål

Gjennom omfattande arbeid har Olav Hetland samla lokale og uttrykk, eit arbeid som er nedfelt i to ordbøker: «Eg seie meg så» og «Du va då go». Lokal dialekt er i stadig endring, ikkje minst i våre dagar med sterk påverknad utanfrå.

### **Folkemusikktradisjon**

Ryfylkemuseet har dokumentert folketonar og musikktradisjonar frå området gjennom arbeidet til folkemusikkarkivet.

### **Matkultur/matskikkar**

Matkultur og matskikkar frå Hjelmeland er delvis dokumentert i oppskriftsbøker frå Rogaland, og gjennom arbeid i lag og organisasjonar, særleg bygdekvinnelaget. I ei tid der meir fokus er sett på lokal og kortreist mat, kan det vera grunn til å gå nærare inn i dette. Ein vil også minna om dei flotte råvarene kommunen har å by på i form av frukt, bær, sjømat og kjøt, saft mv. Det er ei utfordring at for lite av dette er lett tilgjengeleg på lokale utsalsstader.

## 7 Kva vil me prioritera å utvikla?

Hjelmeland kommune har ein brei historisk plattform som er med på å skapa lokal identitet. I dei foregåande kapitla er det gitt eit lite innblikk i noko av det. Historia er med på å forklara kven me er. Å vera observant på utviklingstrekk, kan også gjera at ein kan vera med på å påverka utviklinga i ei ønska retning framover. I kap 7.1 ser ein på kva gjeldande kommuneplan seier om tema. I Kap 6.2 prøver ein å foreslå noko nytt. Det er ei utfordring at det som allereie er vedteke – dvs gjeldande kommuneplan – ikkje nødvendigvis er blitt nedfelt i tiltaks form.

### 7.1 Kva er status i dag ?

Målsetting for kultur og kulturminne i gjeldande kommuneplan «Hjelmeland Naturlegvis» er følgjande (kap 4.6):

*Kultur skal skapa ei aktiv rolle i forhold til trivsel, identitetsbygging, tilhøyrrighet og utvikling av Hjelmeland kommune.*

I same kommuneplan er det sagt følgjande om kultur/kulturminne:

*Kulturminna skal bidra til å framheva vår eigen identitet, særpreg, historie og vera ein viktig kulturbyggjar.*

Og det er skissert denne måten å løysa det på:

- Skapa forståing for den eineståande kulturarven me forvaltar i Hjelmeland
- Kulturminne skal sikrast gjennom vern og bruk
- Gjennom tilskotsordningar ta vare på og restaurera verdifull arkitektur, kulturlandskap og andre kulturminne
- Vidareføra samarbeidet med Ryfylkemuseet, med særleg fokus på bygdemuseet og Vigatunet
- Aktiv bruk av kulturminna i oppvekst, skule og næringsssamanheng
- Auka kjennskap til kulturminna gjennom informasjon og formidling. Desse automatisk fredag kulturminna skal ha særleg fokus:
  - Årdal: Soppaland, gravfelt frå jernalder. Kyrkjhus; middelalderkyrkjegard og renessansekyrkje, Mæle: Gravfelt og to nausttuffer frå jernalder
  - Fister: Midtre Fister: gravfelt frå jernalder. Nedre Fister: Middelalderkyrkjegard og to gravrøysar frå eldre jernalder
  - Riskadal: Gardsanlegg frå jernalder (prestavegen går gjennom området)
  - Mjølhus: Bygdeborg frå jernalder og ei gravrøys som kan vera frå bronsealder.

*Dei ovannemnde kulturminnelokalitetane representerer ulike typer synlege kulturminne. Fleire av lokalitetane er svært store og består av mange enkeltminne, kor dei fleste enkeltminna er godt synlege. Lokalitetane er også forholdsvis lett tilgjengelege.*

### 7.2 Kva har skjedd?

I kva grad ein på desse punkta har lukkast i høve til planen frå 2011, kan diskuteras. Kulturminna vert i dagens samfunn ofte forbunde med trøbbel og heft, i staden for identitetsbygging og muligheter. Det er ofte eit eller anna fornminne der ein har tenkte å gjera eit eller anna inngrep i form av bygging eller td sanduttak. Dermed vert kulturminnet ein ekstra kostnad eller ein barriere for utvikling.

Der ein kanskje har oppnådd mest, er gjennom tilskot til enkeltprosjekt innafor landbruk, der det har vore stilt til rådvelde statleg midlar til kulturvern – så kalla SMIL. Ryfylkemuseet har gjort ein formidabel jobb med restaurering av bygga i Vigatunet, ein fantastisk investering i museumstunet. Særleg restaurering av løa har vore eit stort løft.

I tillegg er det gjennom ein del enkeltarrangement, som td grunnlovsjubileet og jubileet for kvinneleg røysterett, sett fokus på Hjelmeland sin plass i historia.

Engasjementet rundt Prestavegen er døme på andre positive initiativ. Tilrettelegging av «Skulp-turen» kan også nemnast. Totalt sett er det likevel mykje potensiale i ei betre utnytting av den historiske fellesarven.

### **7.3 Kva vil me få til vidare? Mål.**

Gjennom arbeidet med planen har ein fastsett dette hovudmålet:

*Gjennom å halda ved like og å gjera den lokale kulturarven levande, skal me bidra til å utvikla kommunen og bygdene. Slik vert området vårt ennå meir interessant og meir triveleg å bu i og besøke .*

Kort sagt:

Me vil fortelja om Hjelmeland si historie, og gjera den interessant for folk flest.

# 8 Korleis gjer me det?

## 8.1 Drøfting

Når ein skal arbeida for å få halda ved like og å gjera den lokale kulturarven levande, så vil det vera ein kontinuerleg prosess som må skje i samhandling med frivillig sektor og næringsliv. Kommunen må sjølv ta utgangspunkt i fleire virkemiddel, jfr kap 3.

I høyringsprosessen har ein skissert desse strategiane:

*Leggja til rette for lokale prosesser med registrering av kulturminne/kulturarv. Dette for å gjera fleire klår kva verdiar me har. Leggja til rette for at registreringar kan skje på ein profesjonell måte.*

*Gjennom skilting, historieforteljing, framsyningar, jubileum, utstillingar, dataverkty mv gjera informasjon om kulturminna tilgjengeleg for folk flest. Styrka samarbeidet med friviljuge.*

*Leggja til rette for å ta vare på dei klassiske tradisjonshandtverka jærstol og sponkorger*

*Dokumentera utviklinga av viktige næringar i Hjelmeland, i samarbeid med aktuelle bedrifter. Døme: Oppdrett, sand og grus, vasskraft, reiseliv, frukt og anna landbruk*

*Nytta kulturhistoria aktivt i bygdeutvikling/næringsutvikling generelt. Bruka historia som grunnlag for utviklingsprosjekt, td i tilknytning til Nasjonal Turistveg*

*Nytte kulturhistoria som eit middel i sentrumsutviklinga. Kartleggja kva bygg som framleis finst frå den eldste tida i Hjelmelandsvågen og knyte historieforteljing til dei.*

*Bidra til å setja fokus på bygningsarven generelt, og utvalde bygg spesielt.*

Særleg verdifulle er:

*SEFRAK A-bygg i sentrum*

*Bygg med helletak med særleg vekt på Vigatunet*

Bygg som er eller har vore spesielt viktige for kommunal verksemd:

*Gamle heradstova*

*Kommunehuset*

*Styrka kulturvernet, og gjera lokallitteraturen mest mogleg tilgjengeleg for flest mogleg. Gjera bibliotek/bygdamuseet som senter for dette, og leggja til rette for at nye innbyggjarar kan gjera seg kjent med den spennande kulturarven.*

*Komplettera gards og ættesogebøkene (Årdal spesielt, og heile kommunen etter 1990).*

*Dokumentera «Internasjonale Hjelmeland: Handel og flytting gjennom historien.» Fornminnefunn, skottehandel, bergverk, garnison, emigrasjonen til Amerika, innflytting austfrå, frå Europa og 3.verden.*

*Kartfesta «Prestavegen» i detalj. Leggja til rette for å bevare dei delane som framleis er autentiske. Leggja til rette for å kunne ta større delar av vegen som vandretur.*

## **8.2 Prioritering av satsingsområde**

Strategiane i kap 8.1 vil me samanfatta i følgjande satsingsområde:

A Næringslivshistorie, særleg fisk, sand, samvirke og kraft/industri

B Jærstolar og sponkorger

C Vigatunet og helletaka elles

D Internasjonale Hjelmeland gjennom historia

E Gamle ferdselsvegar, særleg Viglesdalsvegen og Prestavegen

F Sentrum (gamle Vågen, SEFRAK A, fellesskapen sine bygg)

G Generell styrking av kulturminnevernet (aktiv i høve til jubileumsfeiring, biblioteket, gards og ættesoge.

### **8.2.1 Næringslivshistorie**

Ta initiativ til eit samarbeid med næringane om å dokumentera historia. Peika ut konkrete fysiske kulturminne som er viktige her. Utfordra Ryfylkemuseet og eventuelle frivilljuge organisasjonar til eit samarbeid. Samarbeida om arrangement og temadagar.

### **8.2.2 Jærstolar og sponkorger**

Jærstolar og sponkorger er signaturprodukt frå Hjelmeland. I samband med 100årsmarkeringa i 1999 vart det laga eit jubileumshefte. Invitera stolfabrikantane til eit samarbeid om vidare profilering. Syta for vedlikehald av jærstolen på Sande.

Utfordra husflidslag og bedrifter i høve til kursing i handtverksteknikkane.

### **8.2.3 Vigatunet og helletaka elles**

Samarbeida med Ryfylkemuseet om bruk av Vigatunet. Prioritera at alle elevar i Hjelmeland får vitja staden. Samarbeid om finansiering av resepsjonsbygg., søkja ekstern finansiering.

Setja fokus på helletaka, og vedlikehald av dei. Samarbeida med Ryfylkemuseet om kurs.

### **8.2.4 Internasjonale Hjelmeland gjennom historia**

Profilera Hjelmeland som ein internasjonal kommune. Temautstilling om internasjonal kontakt opp gjennom tidene (skottehandel, bergverksfolk, arbeidsinnvandring mm). Samarbeida med friviljuge organisasjonar og bedrifter med internasjonale kontaktar.

### **8.2.5 Gamle ferdselsveggar med vekt på Prestavegen og Viglesdalsvegen**

Prestavegen og Viglesdalsvegen er unike byggverk.

### **8.2.6 Sentrum**

Følgja opp med kulturminnesatsing i sentrumsprosjektet. SEFRAK-Bygg i sentrum, bygg med helletak.

### **8.2.7 Generell styrking av kulturminnevernet**

Vera aktiv partner i ulike samarbeidskonstellasjonar i høve til jubileumsfeiring. I 2018 er det td 75 år sidan Njål Tjeltveit vart fødd. Det bør markerast. Årdal gamle kyrkje er 400 år, og det finst fleire døme.

Vidareutvikla Biblioteket. ROS-tiltak for å ta vare på kulturminner.

Punkta overfor skal innarbeidast i budsjett og handlingsprogram. I tillegg skal hovudtrekk i planen innarbeidast i kommuneplanen ved pågåande revisjon, både samfunnsdel og arealdel.